

# Mountains & Fjords

**Utfordre deg sjølv og grensene dine  
saman med andre ungdommar**

**Bli med på Nordisk leiarskule 10. – 16. august 2015**

Norges Bygdeungdomslag, 4H Norge og Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid inviterer deg som er mellom 16 og 30 år og som er leiari eller har leiarerfaring i organisasjonen din til ei veke med fagleg påfyll i leiarrolla di, kombinert med spennande aktivitetar i friluft.

**Du får:**

- Eit fellesskap med andre unge
- Bli kjent med andre land, og nokre av deira tradisjonar
- Lære meir om å leie organisasjonen din gjennom spennande tema som kommunikasjon, presentasjonsteknikk, leiarrolla med fleire
- Delta på spennande aktivitetar i fjellet og på kysten. Du får mellom anna besøkje ein isbre og prøve fiskelykka frå båt
- Lære å lage mat på bål og andre praktiske ferdigheter ute i naturen
- Styrka evnene dine til samarbeid og kommunikasjon over landegrensene
- Eit nettverk av samarbeidspartar i heile Norden, Russland og Estland
- Utfordra deg sjølv og utvikla deg saman med andre



Erasmus+

# Praktisk informasjon

Nordisk leiarskule vert arrangert i Sogn og Fjordane fylke på vestkysten av Norge, i Stryn og Vågsøy kommune. Her kan du oppleve det beste av fjell og fjord Vest-Norge kan by på.

## Overnatting og aktivitetar

Dei fire første dagane skal vi vere på Nordfjord Fritidssenter i Stryn, der er det overnatting på fleirsengsrom med enkel standard. Les meir om Nordfjord Fritidssenter på [www.nordfjordfritid.no](http://www.nordfjordfritid.no). Siste del av veka skal vi vere på Norsk Kystleir i Vågsøy. Der er det overnatting på sovesal. Les meir om Norsk Kystleir på [www.kystleir.no](http://www.kystleir.no).

Dagane vert fulle av spennande aktivitetar saman med dei andre deltakarane, ein del tema som gjer deg til ein betre leiar i din organisasjon, ein del friluftslivaktivitetar og ein del fritid med gøy og moro.

## Deltakarpris

Å delta på Nordisk leiarskule kostar 2000 NOK. I deltakarprisen er kost, losji, aktivitetane på programmet og transport til og frå Bergen inkludert. Det er også berekna at vi kan betale reise-refusjon til deltakarane.

Hugs at du sjølv må ordne med reiseforsikring og europeisk helse-trygdkort.

## Reise

Avsendarorganisasjonane skal sjølv bestille billett til Norge, og vi ber om at alle møter opp i Bergen mandag 10. august innan klokka 14.00. Avreise frå Bergen kan tidlegast vere søndag 16. august klokka 22.00. Det vert ordna med overnatting i Bergen for dei som reiser heim mandag 17. august. De vert oppfordra til å bestille den billegaste reisa som passar med tidspunkta.

Vent med å bestille reise til du får melding om at du er påmeldt arrangementet.


## Påmelding

Dersom du vil delta på Nordisk leiarskule må du melde frå til organisasjonen din. Organisasjonane melder på deltakarane samla til 4H Norge ved [hilde.svaren@4h.no](mailto:hilde.svaren@4h.no). Fristen for å melde på deltakarar er 22. juni 2015. Totalt har vi plass til 50 deltakarar, og det kan vere inntil 4 deltakarar frå kvar organisasjon / land.

Det er ikkje tillate å nytte alkohol eller rusmiddel under arrangementet. Du som er deltakar får tilsendt meir informasjon etter at vi har motteke påmeldinga.

## Har du spørsmål?

Ta kontakt med Hilde Sværen på [hilde.svaren@4h.no](mailto:hilde.svaren@4h.no).



**Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid** er ein paraplyorganisasjon for ungdomsorganisasjonar i Norden. NSU arbeider for å styrke samarbeidet mellom ungdomsorganisasjonar i Norden og auke unge sin bevisstheit om og interesse for Norden, nordisk kultur, verdiar og fellesskap. Les meir om NSU på [www.nsu.is](http://www.nsu.is).

Norges Bygdeungdomslag kan du lese meir om på [www.nbu.no](http://www.nbu.no). 4H Norge kan du lese meir om på [www.4h.no](http://www.4h.no)

Foto: Terje Rakke / Fjordnorway, Gunhild Sandal, Dianne Eikås, Åge Avedal